

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
108/18	Plan- og miljøutvalet	PS	29.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	18/2477

Uttale til arealdelen av kommuneplanen 2018 - , Masfjorden kommune

Vedlegg :

SaksframleggPlanskildring til kommuneplanen sin arealdel Masfjorden kommuneFøresegner til kommuneplanen sin arealdel 27.06.2018Plankart til kommuneplanen sin arealdel, retta 31.07.2018KU og ROS Kommuneplan MasfjordenKU og ROS av 22.juni 2018 for nye areal i kommuneplanen Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune vil rå til at ein tek ut lokaliteten AK-03 i framlegg til kommuneplanens arealdel i Masfjorden kommune og at lokaliteten AK-02 ikkje vert utvida slik som vist i planframlegget. Kommunen vil oppfordre til at det vert utarbeidd ein samla plan for akvakulturverksemda i Fensjorden og Austfjorden. Det vert vist til saksutgreiinga for grunngjeving. Utover dette har ikkje Lindås kommune særlege merknader til planframlegget.

.....

Plan- og miljøutvalet - 108/18

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Framlegg frå Ap og Krf v/H. Brunborg-Ap:

Lindås kommune vil rå til at ein tek ut lokaliteten AK-03 i framlegg til kommuneplanens arealdel i Masfjorden kommune og at lokaliteten AK-02 ikkje vert utvida slik som vist i planframlegget. Vi vil ikkje ha auke i biomasse i akvakultur i Fensfjordbasseengeg og Austfjorden før det er utarbeida ein samla plan for akvakulturverksemda i Fensfjordbassenget og Austfjorden i samsvar med tildelte skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Dersom areal AK03 og AK02 vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel, må det leggjast føresegner for at dei skal utvidast eller etablerast ved reguleringsplan i sjø. Dette for å få med heile høyringsrunden og konsekvensutredinga, og dermed innspel frå alle interesser i saka.

Det vert vist til saksutgreiinga for grunngjeving.

Det vart røysta over framlegget frå Ap/Krf avsnitt for avsnitt:

Framlegg, avsnitt 1-frå Ap/Krf:

Lindås kommune vil rå til at ein tek ut lokaliteten AK-03 i framlegg til kommuneplanens arealdel i Masfjorden kommune og at lokaliteten AK-02 ikkje vert utvida slik som vist i planframlegget. Vi vil ikkje ha auke i biomasse i akvakultur i Fensfjordbasseggeg og Austfjorden før det er utarbeida ein samla plan for akvakulturverksemda i Fensfjordbassenget og Austfjorden i samsvar med tildelte skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Ap, Uavh, Krf)

Framlegg, avsnitt 2-frå Ap/Krf:

Dersom areal AK03 og AK02 vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel, må det leggjast føresegner for at dei skal utvidast eller etablerast ved reguleringsplan i sjø. Dette for å få med heile høyringsrunden og konsekvensutredinga, og dermed innspel frå alle interesser i saka.

Det vert vist til saksutgreiinga for grunngjeving.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Lindås kommune vil rå til at ein tek ut lokaliteten AK-03 i framlegg til kommuneplanens arealdel i Masfjorden kommune og at lokaliteten AK-02 ikkje vert utvida slik som vist i planframlegget. Vi vil ikkje ha auke i biomasse i akvakultur i Fensfjordbasseggeg og Austfjorden før det er utarbeida ein samla plan for akvakulturverksemda i Fensfjordbassenget og Austfjorden i samsvar med tildelte skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Dersom areal AK03 og AK02 vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel, må det leggjast føresegner for at dei skal utvidast eller etablerast ved reguleringsplan i sjø. Dette for å få med heile høyringsrunden og konsekvensutredinga, og dermed innspel frå alle interesser i saka.

Det vert vist til saksutgreiinga for grunngjeving.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Kommunestyret i Masfjorden vedtok i sak 28/18, møte 3. mai i år å leggje arealdelen av kommuneplanen til offentleg ettersyn. Masfjorden kommune har i brev av 12.07.2018 sendt

arealdelen av kommuneplanen til offentlig ettersyn. Merknadsfrist er 6. september.

Lindås kommune får framlegg til arealdel på høring som nabokommune til Masfjorden. I følge plan- og bygningslova §5-4, med begrensingar gitt i §5-5, har kommunar ein generell motsegningsrett til planar: «... kommuner kan fremme innsigelse mot forslag til slike planer i spørsmål som er av vesentlig betydning for kommunens innbyggere, for næringslivet eller natur- eller kulturmiljøet i kommunen, eller for kommunens egen virksomhet eller planlegging.»

Kommunane Masfjorden og Lindås har felles grense som går i Fensfjorden og Austefjorden. Søre del av Masfjorden grensar til Lindås kommune på land i fjellområda som utgjør vestre del av Stølsheimen.

Framlegg til arealdel av kommuneplanen

Framlegg til arealdel byggjer på vedteken plan. Masfjorden har i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen lagt inn nye område for:

- Bustader,
- Næring,
- Naust,
- Småbåthamn/kai,
- Utviding av 3 eksisterande akvakulturområde pluss eit nytt: Leirvika, Laberget, Raunholmane(nytt), Duesund.
- To nye vegtrasear
- Gocartbane,
- Tursti
- Endringar i føresegner, m.a:
 - «For områda Bergsvik (Ak15) og Barlingebotn (Ak16) skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten (lukka anlegg) (pbl § 11-9, nr 6).» (planskildringa s. 98)

Endringane er tydeleggjort i planomtalen, frå side 32. Saksframlegget omhandlar kun endringar i gjeldande arealdel med grense til Lindås kommune.

Sidan Masfjorden og Lindås har eit felles fjordbasseng, er det desse områda som det vert fokusert på. I planomtalen, s 77 vert det sagt følgjande om akvakultur i Masfjorden:

«Målingar frå desember 2016 viste ein oksygenkonsentrasjon på 2 ml per liter, medan minstekravet i vassforskrifta er 3,5 ml per liter. Fylkesmannen vedtok i mai 2017 å trekkja utsleppsløyve for to akvakulturlokalitetar i Masfjorden, samt redusera utsleppsløyva til to andre med 75 prosent. Ein har vald å behalda områda Bergsvik og Barlingebotn i kommuneplanen, sjølv om utsleppsløyva er trekt tilbake. På desse stadane ønskjer kommunen å ha med føresegner som opnar for lukka anlegg utan utslepp til fjordbassenget. Det generelle forbodet mot nye og utvida lokalitetar innanfor terskelen gjer no at fleire aktørar ynskjer å utvida eksisterande lokalitetar utanfor terskelen i Masfjorden, samt leggja til rette for nye akvakulturområde i det meir opne Fensfjordbassenget. Det er likevel ei kjensgjerning at arealinteressene i Fensfjorden og er mange, jf. den interkommunale planen for dette området.»

«...ein ser at det etter kvart bør utarbeidast ein eigen overordna temaplan for sjøareala i heile Fensfjordområdet, for å i større grad kunna vurdere konsekvensar og styra utviklinga i

tida framover. Blant anna må ein sjå på samlokaliseringsproblematikken som kan oppstå mellom akvakulturanlegg og ålmenne interesser, friluftsliv, fiske, ankring mm. På grunn av endringar i kommunestrukturen i nabokommunen Lindås, og kapasitetsmessige prioriteringar både i Masfjorden kommune og i Lindås kommune, har ein likevel kome til å prøve å lande eit forslag til arealbruk som også omfattar bruken av sjøområde inkludert endringar knytt til areal til akvakultur i denne nye arealdelen til kommuneplanen.»

Akvakulturområdet Langøy i Lindås kommune ligg mindre enn 2 km frå framlegg til ny lokalitet (AK-03 Raunholmane) for akvakulturanlegg i Masfjorden (framlegg til planomtale side 82). Det er gjennomført KU og ROS for område AK-03, sjå eige vedlegg side 234. I denne analysen kjem det fram følgjande innspel til planarbeidet: *Det føreslåtte området ligg tett på det føreslåtte ankringsområdet ved Haugsøytangen. Det er kome innspel på dette området både frå Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk AS og frå Erko Seafood.*

Masfjorden kommune sin konklusjon etter KU og ROS for område AK-03:

«Arealet vert tilrådd med bakgrunn i følgjande:

Det er ein del viktige område for sjøfugl i nærleiken, inkludert naturreservat og registreringar av raudlisteartar. Fleire sjøfuglbestandar har hatt ein svært negativ bestandssituasjon dei seinare åra, og det er viktig å ha ei føre-var tilnærming til forvaltninga av desse bestandane. Eit akvakulturanlegg vil medføre forstyrningar for sjøfuglane. Naturreservata ligg likevel i ein viss avstand frå akvakulturområdet.

Det føreslåtte AK-området ligg nært eit gytefelt for torsk (Hauglandsosen) som er kategorisert som regionalt viktig. Kysttorskbestandane langs vestlandskysten har blitt sterkt redusert dei siste åra, og det er viktig å ha ein føre-var haldning i forvaltninga av desse bestandane. Det manglar generelt kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå matfiskanlegg, og korleis egg, larver og juvenil fisk kan bli påverka av utslepp av lusemiddel.

Lokaliteten ligg i utvandingsruta til laksesmolt frå vassdraga innerst i Masfjorden. Eit akvakulturanlegg i denne utvandingsruta vil kunna medføre påslag av lakselus for smolten som er på veg ut i havet.

Eit akvakulturanlegg vil medføre restriksjonar knytt til fiske og ferdsel i eit område rundt sjølve anlegget, og vil i tillegg vera eit forstyrrande element i eit prioritert friluftsområde som i stor grad er inngrepsfritt i dag.

I løpet av det siste året har Fylkesmannen trekt tilbake eller redusert utsleppsløyva inne i sjølve Masfjorden på grunn av låge oksygenverdiar. Kommunen ønskjer på bakgrunn av dette å leggja til rette for akvakultur i nye område i kommunen. Eit akvakulturanlegg vil vera positivt for næringslivet i kommunen, og vil auka verdiskapinga. Dette området ligg forholdsvis langt ute i Fensfjorden, og resipienten her har truleg stor kapasitet. Eit anlegg i området vil ikkje i stor grad virka sjenerande for bustader eller hytter, og området kjem ikkje i direkte konflikt med bileia innover i fjorden.

Konsekvensane for naturmangfald er vurdert til å vera middels negative. Lokaliteten overlappar likevel ikkje direkte med dei registrerte verdiane i området, og etter ei heilskapsvurdering vert dei positive konsekvensane for samfunn og næringsliv vurdert som så viktige at arealet vert tilrådd. Arealet som vert tilrådd er i tråd med utsnittet under, då ein på den måten får trekt seg noko lenger vekk frå friluftsområde i nord og registrerte gyteområde.»

Vurdering

Administrasjonen ser ikkje at endringar på landareala vil påverke interesser i Lindås kommune.

Når det gjeld sjøareala ser vi at det er eit potensiale for interessekonflikt når det gjeld tilrettelegginga for akvakulturanlegg. Det nye området for akvakulturanlegg i Masfjorden kommune (AK-03) ligg svært nær anlegg i drift i Lindås kommune (Langøy), og under den anbefalte minsteavstanden som Mattilsynet tilrår i vurderinga av nye anlegg. Lokaliteten på Langøy har også fått utvida maksimal bioamsse til 4680 tonn, noko som truleg vil sette strengare krav til avstand. Minsteavstand er mellom anna grunna i å redusere smittefare mellom anlegg. Vidare registrerer administrasjonen at den nye lokasjonen vil kome tett på registrert gyteområde for torsk, noko som vil kunne påverke gytetilhøva til torsken og ein bør vurdere å ha ei føre-var haldning for etablering av ny akvakulturverksemd så tett på gyteområdet.

I høve utviding av lokasjonen AK-02 Laberget, ligg også denne svært tett på eksisterande anlegg på Ospeneset. Ny plassering av anlegget vil kome under 1,5 km frå lokasjonen på Ospeneset. Sjølv om lokaliteten på Laberget er ein eksisterande lokalitet må ein vurdere om lokalitetane med ei utviding vil kome for tett på kvarandre med så stor biomasse som det vert lagt til rette for på lokalitetane.

Kommunane har fått tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland til å gjennomføre ei kartleggingsarbeid i dette felles fjordbassenget. Det ville vore ei føremon om kartlegginga vart ferdigstilt slik at det kunne leggjast til grunn for revisjonen av kommuneplanen for både Masfjorden og Lindås kommune. Ei slik kartlegging vil kunne synleggjere viktig informasjon om m.a. dei naturgitte tilhøva i fjordbassenget, inkludert fiske- og dyreliv, og alle kjende bruksinteresser.

.....